



**Arkiv:** FA-Q80  
**JournalpostID:** 20/15057  
**Saksbehandlar:** Bjarte Hovland  
**Dato:** 06.11.2020

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 64/20	Nærings- og utviklingsutvalet	16.11.2020

### Trafikkregulering i og inn mot sentrumskvaderaturen

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) ber om at det vert oppstarta sak vedkomande gatebruk, parkering og buss-stopp i sentrumtrumsområdet.

- Områdereguleringsplanen vedteken av kommunestyret 20.06.2016 skal leggest til grunn.
- For parkeringsområda skal det vurderast tidsavgrensa parkering, eksv. max parkeringstid til 4 timar.
- For gågate-installasjonen skal det vurderat både heilårleg og sesongbestemt plassering.

NU vil legge vekt på medverknad, og oppmodar partar/aktørar/intresantar om å uttale seg.

Nærings- og utviklingsutvalet - 64/20

#### NU - behandling:

Einingsleiar teknisk Bjarte Hovland orienterte.

Avrøysting: Framlegget frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke

#### NU - Vedtak:

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) ber om at det vert oppstarta sak vedkomande gatebruk, parkering og buss-stopp i sentrumtrumsområdet.

- Områdereguleringsplanen vedteken av kommunestyret 20.06.2016 skal leggest til grunn.
- For parkeringsområda skal det vurderast tidsavgrensa parkering, eksv. max parkeringstid til 4 timar.
- For gågate-installasjonen skal det vurderat både heilårleg og sesongbestemt plassering.

NU vil legge vekt på medverknad, og oppmodar partar/aktørar/intresantar om å uttale seg.

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

#### **Saksopplysningar**

Det vert her lagt opp til ein prosess, der ein i første omgang «høyrer» og ikkje «konkluderer». Innan ein høveleg frist vert det gitt høve til på nokså ope grunnlag å kome med innspel/ idear. Deretter legg ein opp til å utforme eit konkret framlegg for NU. NU sitt vedtak deretter kan gi grunnlag for nye rundar med høve til merknad/kommentarar, før NU så til slutt tilrår for KST kva som skal verte løysinga. Dvs. ein prosess tilnærma lik ein planprosess.

Å alt i utgangspunktet slå fast at ein skal legge vedteken områdereguleringsplan til grunn, vert gjort for at arbeidet ikkje skal verte for «vidløftig» og for omfattande. Derfor vert både kart og føresegner til planen lagt ved som saksvedlegg til denne saka.

#### **Vurdering**

NU vert bedd om å uttale seg både om gjennomføringa og omfanget, samt å kome med relevante tilbakemeldingar i høve vidare saksgang. Saka kan sjåast som eit oppstartsmøte for å sikre at administrasjon og politisk utval har ei felles forståing for kva som skal gjerast. Medverknaden ser ein for seg via oppslag på kommunen si heimeside og facebookside, samt «tradisjonell» førehaving i aktuelle styre, råd og utval. Administrasjonen er også her open for innspel.

#### **Økonomiske konsekvenser**

Førebels berre indirekte, tidbruk mv.

Kva som kan kome av merking, skilting og anna arbeid må verte å kome attende til.

Geir Ove Vegsund  
kommunedirektør

Bjarte Hovland  
einingsleiar tekniske tenester

#### **Vedlegg:**

Referat etter møte 29.10.20 ang. buss i sentrum

BUSS SENTRUM - kartskisse

Svar om installasjonane i Kyrkjevegen

15282013005 - Sykkylven sentrum - Plankart rev. 2911207

15282013005 - Sykkylven sentrum - Føresegner rev. 20.06.2016